



Nordmøre regionråd  
Postboks 161, Kongens plass  
6501 KRISTIANSUND N

## Regionråda i Møre og Romsdal - tildeling av skjønnsmidlar knytt til arbeidet med kommunereforma i 2016

Vi viser til brev datert 29.02.2016 der det tildeles skjønnsmiddel for 2016 til arbeidet med kommunereforma både til kommunane og dei tre regionråda i Møre og Romsdal.

Regionråda i Møre og Romsdal får tildelt same beløp som i 2015 til arbeidet med kommunereforma i 2016 utan nærare søknad:

Figur 1

Kommune/regionråd	Tildeling av skjønnsmidlar i arbeidet med kommunereforma
Ålesund	Kr. 500 000
Molde	Kr. 500 000
Kristiansund	Kr. 500 000
Smøla, avslutta arbeidet pr. 1.mars	Kr. 100 000
Dei resterande 32 kommunane får kvar	Kr. 200 000 x 32
Sunnmøre regionråd	2 mill. (utbetalast til Ålesund kommune)
Nordmøre regionråd	1 mill. (utbetalast til Kristiansund kommune)
Romsdal regionråd	1 mill. (utbetalast til Molde kommune)

Fylkesmannen sine forventningar til regionråda ved tildeling av skjønnsmidlane for 2016 vil vere dei same som for 2015:

- Vere ein nøytral samarbeidspartnar til kommunen(ane)
- Bruke spesielle tilsette til arbeidet med kommunereforma
- Legge til rette for:
  - møteplassar
  - dialogmøter, kurs, konferanse, studieturar etter bestilling frå kommunane
  - forhandlingar, intensjonsavtalar, folkemøte
  - innbyggjarundersøkingar
  - samarbeid med fylkesmannen om oppfølging av kontaktpersonane i kommunane
  - samarbeidsmøte med fylkesmannen

- Fortløpande dialog med fylkesmannen: referat, e-post, telefon mm. av arbeidet med intensjonsavtaler, folkehøyringar, folkemøter mm.
- Rapportering innan 1. juli 2016 på arbeidet regionråda har gjort for den enkelte kommune – og samla sett gjennom arbeidet med forhandlingar/intensjonsavtaler. Max 1 A4 side pr. kommune.

Skjønnsmidlane har blitt utbetalt i termin 3 til dei kommunane som står bak dei tildelte beløpa for regionråda, sjå figur 1. Dei kommunane som tek imot midlane står ansvarleg for at skjønnsmidlane blir overført til regionrådet. Det er kommunen som tek i mot midlane som har det formelle rapporteringsansvaret til fylkesmannen, men vi ser det som naturleg at dette følger regionrådet opp.

Det er også den kommunen som tek i mot midlane som formelt er ansvarleg for rapporteringa til oss og vidareformidlinga av informasjon sendt frå oss, men vi ser det likevel som naturleg at regionrådet tek seg av dette.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)  
Ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi:

Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND